

Protokoll
Styremøte nr. 5/2018
Norges Friidrettsforbund

Torsdag 14. juni 16.00

Radisson Gardermoen

Tilstades: Ketil Tømmernes, Kalle Glomsaker, Ragnfrid Margrete Nedberge LLano, Kari Ann Nygård, Anne Farseth, Lill Berit Løyte Sjøsåsen, Henrik Carstens.

Forfall: Geir Nordtømme, Mathias Vangsnes, Svein Arne Hansen

Referent: Narve Heggheim

Fra sentraladministrasjonen: Kjetil Hildeskor, Narve Heggheim og Berit Nøbben

Saksliste for styremøte 5-2018:

Sak 27/2018 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte

Sak 28/2018 Orientering drift v/gensek og orientering frå kvart enkelt styremedlem

Sak 29/2018 Regnskap og prognose pr juni 2018

Sak 30/2018 Status milepælsplan 2018

Sak 31/2018 Orienteringssak om handlingsplaner for kretsane

Sak 32/2018 Videre oppfølging av fattigdomsproblematikk

Sak 33/2018 Status for eliteutøvere

Sak 27/2018 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte
Innkalling og protokoll vart godkjend.

Sak 28/2018 Orientering drift v/gensek og orientering frå kvart enkelt styremedlem
Styremedlemmer og administrasjon orienterte om saker innafor sitt arbeidsområde.

Sak 29/2018 Regnskap og prognose pr juni 2018
Rekneskap og prognose pr 5. juni vart presentert. Prognose indikerer eit årsresultat i balanse som er i tråd med vedteke budsjett.

Vedtak: Orientering og prognose vart teken til etterretning.

Sak 30/2018 Status milepælsplan 2018
Status på milepælsplan vart presentert og denne blir brukt som et nyttig redskap for å ha oversikt over status på dei ulike områda. Den blir også brukt for å kartlegge måloppnåelse på ei ulike områda. Planen bør utviklast vidare og med fleire og meir konkrete mål/delmål på enkelte område slik at den blir eit endå betre redskap for oppfølging gjennom året.

Sak 31/2018 Orienteringssak om handlingsplaner for kretsane
Status på kretsane sitt arbeid med handlingsplaner var tema på felles samling med kretsleiarane og DL. Tilbakemeldingar på status i planarbeidet i kretsane vart presentert og desse viser i korte trekk at kretsane har etablert rutiner på å oppdatere sine planer der også kretsting og klubbar har påvirkingsmulegheit på prioriteringane til kretsen ved rullering.

Sak 32/2018 Videre oppfølging av fattigdomsproblematikk
Sentraladministrasjonen har gjennomført NIF sitt verktøy «Dugnad» som er eit bra konsept for å evaluere eigen organisasjon på økonomiske barrierer for å delta i idretten. Styret gjennomfører den samme prosessen på styremøte 16. august. Oppsummeringane fra desse prosessane vert oversendt styret som tek dei med i det vidare arbeidet med eige prosjekt som ein skal ha på sakslista i styremøte i september.

Vedtak: Styret ønskjer vidare framdrift på oppfølging av økonomi som barriere i idretten. Ein bør knytte dette opp mot samarbeidsprosjekt med sponsorar og humanitær organisasjon for utvikling av eigne støtteordningar.

Sak 33/2018 Status for eliteutøvere
Starten på sesongen har vore positiv med nivåloft på fleire utøvarar, og status på eliteutøvarane vart gjennomgått. 11 kvinner 14 menn har tatt EM krava pr. no, men ein reknar med fleire i vekene som kjem. Fleire utøvarar er med på DL framover, men dei fleste legg inn ein god treningsperiode framover for å spisse form til EM. Idrettsleg avdeling vurderer målsettingane for mesterskapet og vil vurdere å kommunisere dei ut når dei er avklart med utvalg, utøvarar og trenarar. Ein del vurderingar som f.eks inviterte utøvarar og antal akkrediteringar av trenarar vil bli gjort fram mot mesterskapet.

Forøvelsane på Bislett Games vart bra med mange flotte resultat men for seinare må ein få enda større fokus på fordelene av å konkurrere på heimebane med eit stort og entusiastisk publikum som kan gje eit ekstra løft prestasjonsmessig. Ein vil gjere vurderingar på ulike område med tanke på endringar neste år og organisering av pressetreff er blant dei tinga ein bør endre.

Møtet slutt 19.25